

Fra: Morten Storebø (morten.storebo@austevoll.kommune.no)

Sendt: 10.04.2018 10:23:15

Til: Fylkesordfører; Rune Haugsdal

Kopi:

Emne: Møte med Skyss. Kraftig auke i ferjetakstar

Vedlegg: image001.png

Hei!

Me har nettopp hatt møte med Oddmund Sylta og fått presentert billettprisar ved innføring av Autopass-regulativet. Me er ganske fortvila. Eg har ikkje høyrte noko frå dykk etter møta me har hatt, seinast 2.2.18, men Oddmund har stadfesta i hovudsak det eg la til grunn i orienteringa mi.

Tala for Hufthamar-Krokeide: Prisen blir 301 kroner inkludert bompengar (før rabatt).

Etter årets takstauke er prisen no kr 243. Dette inkluderer bompengar.

(Alle tal for køyretøy inntil 6,0 meter)

Reknestykket er:

I dag:

Kr 243, herav kr 75 i bompengar. Ferjebillett er kr 168.

50 pst. = 122 kroner éin veg.

-

Frå 15. mai:

Kr 301, herav kr 79 i bompengar. Ferjebillett er kr 222.

50 pst. = 150,50 kroner éin veg.

Dette medfører altså ein monaleg auke i reisekostnad, og det er, som eg har nemnt tidlegare, dagpendlarane me uroar oss spesielt over.

Med 230 arbeidsdagar kostar det i dag kr 56.120 i året på ferja.

Etter 15. mai vil det auke til kr 69.230 (heilårsverknad). Ein auke på kr 13.110.

Dessutan:

Ferjetaks på el-bil går frå kr 84 til kr 111. Når me innfører bompengar tilsvarande 50 prosent, så blir totalen for el-bil kr 150,50. Ifølge Skyss er det ikkje mogleg å «gje rabatt på rabatt», slik at dette er *lågaste* kostnad på el-bilar. Konsekvensen av dette kom openbart ikkje klart nok fram då ein tok stilling til å innføre bompengar på el-bil.

Det vil derfor koste kr 150,50 for el-bilar i Hufthamar-Krokeide, slik at det ikkje blir økonomisk fordel av å reise med el-bil på ferja. Det blir nøyaktig like dyrt å reise med el-bil (auke frå 84 til 151) som vanleg køyretøy.

Er det noko ein kan gjere når saka skal behandlast i fylkesutvalet og vidare? Er det mogleg og vilje til å forsøke å finne ei løysing for å dempe kostnadsauken?

Venleg helsing

Morten Storebø

ordfører



E-post: morten.storebo@austevoll.kommune.no

Telefon: 55 08 10 00